

## **Svar til Kvinnherad kommune vedkomande tunnel Austrepollen- Nordrepollen**

**Dato: 03.09.2025**

Me viser til svar frå kommunen vedrørande tunnelprosjektet mellom Austrepollen og Nordrepollen

Me er fullt innforstått med at det er Vestland fylkeskommune som har hovudansvaret for planlegging av tunnel og veg. Det som derimot undrar oss, er kvifor Kvinherad kommune i liten grad ser ut til å engasjera seg i føringane for prosjektet – særleg med tanke på konsekvensane for innbyggjarane i Austrepollen og brukarane av vegen generelt.

Dei som kjenner Austrepollen med syd/øst vind med 40m/s kan sjølv tenka seg korleis miljøet blir om det skal fjernast rundt ein million kubikk med lausmasse hovudsakleg av sand/grus og jord.

Kommunen har vist stort engasjement i samband med E39-visjonen(Hordfast), med omfattande bruk av kommunale midlar, til «lobby verksamheit». Det er derfor merkeleg at kommunen ikkje i same grad tek ei aktiv rolle i ei sak som rører nærare ved dagleglivet til lokale innbyggjarar. Me meiner det er viktig at kommunen også tek ansvar for å fremja gode løysingar – ikkje berre akseptera det som vert presentert utan motspel.

Me ønskjer å peike på at det ofte finst fleire løysingar på ei utfordring, dersom ein er villig til å sjå etter dei.

I lenkja under er det vist eit alternativ traséval som kunne vore vurdert:

Tanken er at Statkraft kostar og byggjer ny bru og strosser ny Folgefonntunnel opning, slik at Statkraft kan overta det gamle tunnel-påhugget og brua til Mauranger 2.

 <https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?urlid=4088ae32-2fe6-41fd-b9da-4d4d8f223d24>

Skissa viser at ein kan lage rundkøyring inne i den nye tunnelen der tunnel opning kjem ut side om side

👉 <https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?urlid=24bbaf3e-9a71-48d3-a857-e31f386c34fa>

I denne lenkja er det vist avstandar frå tunnelopning til rundkøyring ved begge alternativa:

👉 <https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?urlid=4e147583-3473-41a9-a125-592a5dac7014>

Slik det vart forklart under synfaring, skal den gamle vegtraséen nyttast fram til rundkøyringa ved den tidlegare bomstasjonen, med berre mindre justeringar. Me ønskjer og påpeike at dette alternativet har ein potensiell svakheit, i tillegg til tidlegare nemnte. Lav sol midt i fjorden som vil gje dårleg sikt inn mot rundkøyringa.

I tillegg vart det under synfaringa ikkje nemnt noko om kvar avkøyringa til Mauranger 2 er planlagt. Er det ikkje krav om at denne òg skal inkluderast i planarbeidet?

Det vart også nemnt ein reinse- eller rense-stasjon ved tunnelopninga. Me ønskjer ei nærare forklaring på kva dette inneber – kva funksjon har denne stasjonen, og kva konsekvensar har den for området?

Me meiner at det både økonomisk og planfagleg vil vere ein fordel for kommunen å kome tidleg på bana med klare føringar. Det gjer at fylket og konsulentane må ta omsyn til desse frå starten, og slepp å gjere om arbeidet seinare.

Austrepollen er tross alt den einaste ferjefrie hovudvegen inn til Kvinnherad kommune. Det er viktig at politikarar og kommuneadministrasjon er «herre» i eie hus og legg positive føringar i tidleg fase.

Mvh

Innbyggjarane i Austrepollen  
v/Knut-Inge Øvrehus